



VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I TIME KOMMUNE

Godkjent av Time kommunestyre, sist endra i Time kommunestyre 18.06.2024 i tråd med KS 050/24

§ 1 Eigartilhøve og ansvar for drift av barnehagane

- 1.1 Vedtektenes gjeld barnehagar som er eigminalt og drevet av Time kommune.
- 1.2 Utval for Levekår er styringsorgan for dei kommunale barnehagane i Time.
- 1.3 Barnehagane er administrativt knytt til tenesteområde Oppvekst.

§ 2 Formål

- 2.1 Barnehagane skal vera ei pedagogisk verksemnd. Dei skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar, nasjonal rammeplan, Kunnskapsdepartementet sine forskrifter, kommunale vedtekter og den enkelte barnehage sin årsplan.
- 2.2 Barnehagen skal vera ei kvalitativ god og fleksibel teneste som tek sikte på å imøtekoma dei behov innbyggjarane i Time kommune har.

§ 3 Opptak

- 3.1 Time sin opptakskrins er barn som bur i Time kommune, og barn med lovlista rett til barnehageplass. Barn med lovlista rett er barn mellom 1-5 år. Barnet må fylla 1 år seinast innan utgangen av november det året dei søker om barnehageplass (jf. barnehagelova §16).
- 3.2 Det er eitt hovudopptak til barnehagane. Hovudopptaket er i perioden 1.mars til og med 31.mai. Søknadsfristen er 1.mars.
- 3.3 For å ha rett til plass må barnet vera busett i Time kommune ved oppstart i barnehagen.
- 3.4 Ved tildeling av plass etter hovudopptaket må barnet vera minimum 10 månadar ved oppstart.
- 3.5 Barn som søker innan fristen for hovudopptaket og som har lovlista rett til barnehageplass, vil få plass før ein tek inn barn som søker etter fristen.
- 3.6 Time kommune oppfyller plikta si når det gjeld lovlista rett til barnehageplass ved å tilby barnehageplass innan kommunegrensa (jf. barnehagelova § 16).
- 3.7 Opptak av barn skjer i samsvar med Reglar for samordna opptak som er sett i Time kommune.
- 3.8 Prioritet ved opptak skjer i følgjande rekkefølgje:
 - a) Barn med funksjonshemmning skal ha prioritet ved opptak dersom barnet etter sakkunnig vurdering er funne å kunna ha nytte av opphold i barnehage. (jf. § 18 i Lov om barnehagar). Barn som er omfatta av omsorgsvedtak og andre vedtak fatta i fylkesnemnda i medhald av Lov om barneverntenester §§ 4-12. og 4-4. (jf. 4-24 første ledd).
 - b) Barn frå familiar som har store belastningar på grunn av alvorleg sjukdom og/eller funksjonshemmning kan søka om prioritert plass. Søknaden må sendast oppvekst og vera dokumentert med skriftleg anbefaling frå PPT-kontor, helsestasjon, lege eller barnevern.



- c) Barn av foreldre som er ein del av introduksjonsordninga i Time kommune.
 - d) Barn som har plass i barnehage som vert avvikla eller stenges
 - e) Barn som skal gå siste året i barnehage før skulestart og som ikkje har barnehageplass, eller som ikkje har plass i sin skulekrins/ nærskuleområde.
 - f) Søskenprioritet i same barnehage. Det vert gitt prioritert plass til søskene av barn som allereie har plass, og som skal fortsetta i barnehagen
 - g) Personalplassar til personalpolitiske tiltak for stillingar som er vanskelege og rekruttera til.
- 3.9 Tildelt plass gjeld fram til skulepliktig alder, det vil sei frå opptaksdato til 1.august det året barnet fyller 6 år, forutsett at ein bur i kommunen. Dersom ein ønsker å behalda barnehageplassen fram til 15.august, kan ein søka styrar i den einskilde barnehage om det innan 1.mai.
- 3.9 Reservering av barnehageplass til personale.
- Kommunedirektøren kan disponera barnehageplassar som personalpolitisk tiltak for stillingar det er vanskeleg å rekruttera til.
 - Dersom den tilsette sluttar i Time kommune mister barnet barnehageplassen.
 - Barn med personalplass som er busett i Time kommune, kan søka om ordinær kommunal barnehageplass.
 - Kommunedirektøren har utarbeidd reglar for tildeling.
- ## § 4 Opningstida
- 4.1 Nytt barnehageår startar 15.august.
- Barnehagane har ope 11 månadar og 2 veker.
 - Barnehagane har feriestengt dei to siste vekene i juli månad.
 - Julaftan, nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag held barnehagane stengt.
- 4.2 Barna må ha minst 5 veker ferie i løpet av barnehageåret.
- 3 ferieveker må vera samanhengande i perioden 1.juni - 15.august
 - For 6 åringar må 3 ferieveker vera samanhengande i perioden 1.juni - 1.august
 - Planleggingsdagane kan rekna som ferie.
 - Foreldre som kan dokumentera at dei ikkje har tariff-festa rett på dei siste 4 feriedagane opp til 5 veker, får dispensasjon for desse 4 dagane.
 - Føresette må gje melding om barnet sin sommarferie innan 15.april.
- 4.3 Personalet i barnehagen har rett til 5 planleggingsdagar i året. Desse dagane er barnehagane stengde.
- 4.4 Maksimum oppholdstid pr. dag er 9 timer

§ 5 Betaling

- 5.1 Betaling for barnehageplass skjer etter «Forskrift om foreldrebetaling i barnehage» og vert vedteke av Time kommunestyre ved behandling av økonomiplanen. Kommunen har utarbeidd eigne retningslinjer for fastsetting av betalingssatsar og betalingsrutinar. Betaling for kost og bleier kjem i tillegg til ordinær foreldrebetaling og skal dekka dei faktiske utgiftene barnehagen har (sjølvkostprinsipp).
- 5.2 Ved tildeling av plass skal føresette få informasjon om betalingssatsar, betalingsrutinar og retten til å søka redusert betaling og gratis kjernetid ved låg inntekt.



5.3 Årsbetalinga vert fordelt på 11 månadar, juli er betalingsfri. Dersom avgifta ikkje blir betalt på føreskriven måte kan det føra til oppseiing av plassen om det manglar betaling utover 2 månader.

§ 6 Oppseiing

- 6.1 Oppseiing av barnehageplass skal gjerast elektronisk via kommunen sitt opptakssystem
- Barnehagane har ei oppseiingstid på 2 månader, og oppseiinga gjeld frå den 1. i kvar månad.
 - Ved oppseiing etter 1.mars må ein betala ut barnehageåret, til 15.august. Det vil sei at barn som ønsker å slutta etter 30.april må betala for mai, juni og halve august, sjølv om plassen ikkje vert nytta.
 - For 6 åringer som seier opp plassen etter 1.mars må ein betala til 1.august.
 - Det kan berre søkast fritak frå betaling etter oppseiingsmånaden dersom barnet flyttar frå kommunen.
- 6.2 Ved flytting ut av kommunen gjeld reglane for oppseiing. Ein kan etter søknad til styrar behalda barnehageplassen ut påbegynt halvår.
- 6.3 Kommunen kan sei opp barnehageplassen ved:
- Viss familien flytter ut av kommunen
 - Manglande betaling
 - Dersom ein gir urette opplysningar ved opptak
 - Dersom barnet uteblir frå barnehagen i lengre tid utan at styrar er varsla

§ 7 Foreldreråd og samarbeidsutval

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval, jf. §§ 4 og 5 i Lov om barnehagar

- Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barn i barnehagen
- Samarbeidsutvalet består av likt antal foreldre/føresette og tilsette
- Time kommune som eigar er representert i samarbeidsutvalet ved politiske representantar

§ 8 Leike- og oppholdsareal per barn

Hovudregel for arealutnytting:

- For barn over 3 år: 4 m² netto leike- og oppholdsareal
- For barn under 3 år: 5,3 m² netto leike- og oppholdsareal

§ 9 Internkontroll

Barnehagane er omfatta av Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.f. Det skal vera dokumentasjon for internkontrollsysteem i kvar barnehage.

§ 10 Barnas helse

Før barnet begynner i barnehage skal det leggast fram erklæring om barnet si helse. Dersom barnet har møtt til ordinær undersøking på helsestasjonen kan ei slik erklæring verta gitt av føresette.



§ 11 Forsikring

Time kommune har ulykkesforsikring for barna.

- Forsikringa gjeld reise til/frå barnehagen og heimen ved levering og henting, og den tida barna er i barnehagen
- Forsikringa gjeld ikkje ved tap av personlege eigendalar

§ 12 Teieplikt og meldeplikt

For folkevalde, administrasjon og tilsette i barnehagane gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §§ 13 og 13f og Barnehagelova § 44

Alle tilsette i barnehagane har opplysningsplikt til barnevernet jf. Barnehagelova § 46

Alle som arbeider i barnehage skal melda frå dersom dei får mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø jf. Barnehagelova § 42

§ 13 Endring av vedtekten

Endring av vedtekten skal gjerast av kommunestyret.